

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.10.2013
Sakhandsamar: **Hans K. Stenby**
Saka gjeld: **Etablering av vardesenter og pusterom for kreftpasientar**

Arkivsak
2012/38
Styresak 119/13 B

Styremøte 06.11. 2013

Forslag til vedtak

1. Det blir fordelt 1,1 mill. kr til etablering av vardesenter i Helse Stavanger.
2. Det blir fordelt 1,0 mill. kr til etablering av pusterom i Helse Bergen.

Oppsummering

Saka gjeld fordeling av midlar til etablering av vardesenter og pusterom for kreftpasientar ved sjukehus i regionen.

Helse Vest RHF har fått høvesvis 1,1 mill. kr og 1 mill. kr til desse formåla i 2013.

Det ligg føre ein søknad frå Helse Stavanger om etablering av eit vardesenter og tilsvarande ein søknad frå Helse Bergen om vidare drift av eit pusterom.

Det blir foreslått at midlane blir delt i tråd med desse søknadane.

Fakta

I forbindelse med kreftbehandling er det m.a. eit mål å etablera fleire vardesentre og pusterom for kreftpasientar ved sjukehusa jfr. Oppdragsdokument 2013 til Helse Vest RHF.

Vardesentre er etablert ved nokre sjukehus i andre regionar i eit samarbeid med Kreftforeningen. Hensikta med vardesentre er å gi kreftramma og pårørande eit omsorgstilbod og bidra til ei heilskapleg kreftomsorg.

Pusterom er også etablert ved nokre sjukehus. Pusterom er aktivitetsrom kor kreftpasientar kan hente energi gjennom trening, avspenning, samtale eller avkopling. Stiftelsen Aktiv mot kreft har bidrege til etablering av pusterom.

I basisramma til Helse Vest RHF blei det sett av 1,1 mill. kr til vardesenter og 1 mill. kr til pusterom i 2013.

Helse Vest har drøfta saka med helseføretaka. I første omgang er det Helse Stavanger og Helse Bergen som planlegg slike tilbod.

Det ligg no føre ein søknad frå Helse Stavanger om etablering av vardesenter i Helse Stavanger i samarbeid med Kreftforeningen.

Det er også ein søknad frå Helse Bergen om støtte til drift av eit etablert pusterom.

Kommentarar

Det er positivt at helseføretaka tek initiativ til utvikling av tilbodet til kreftpasientar og pårørande ved også å etablera vardesenter og pusterom.

Det er avgrensa midlar sett av til desse tiltaka. Midla vil ikkje dekke kostnadar til etablering og drift. Gjennom eit spleiselag kor også Kreftforeningen deltar vil det likevel vere mogeleg å få etablert eit vardesenter i Helse Stavanger.

Pusterommet i Helse Bergen blei også etablert med støtte frå andre.

Konklusjon

Det blir anbefalt at midla blir nytta til nytt vardesenter i Helse Stavanger og vidare drift av pusterom i Helse Bergen.

Det må i neste omgang vurderast om fleire slike tilbod bør opprettast i regionen.